



# Årsmelding 2009

## Bø Turlag

### Styret 2009

Arne Hjeltnes  
Turid Gåra  
Ragnhild Stafseng Li (kasserar)  
Karin Brekke Li  
Live Semb Vestgarden (skrivar)

### Varamedlemmer:

Bergit Grivi  
Aase Aaland  
Tone Eika  
Inge Bø

### Revisor:

Jan Lepperød

### Nemnder, representantar i andre lag, valkomité 2009

#### Turstinemnd:

Inge Bø, leiar og turområdeansvarleg

#### Turknappnemnd:

Tor Sisjord  
Arne Baugerud  
Arne Myhre

#### Turlagets representantar i Løypelaget:

Olav Berge  
Per Holtung

#### Valkomité:

Tove Kristoffersen  
Leif Krosshaug  
Ralph Stålberg

### Årsmøtet i 2009

Årsmøtet i 2009 blei halde i Kåvån i Gullbring Kulturanlegg tysdag 10. mars. Nye styremedlemmer blei Turid Gåra og Live Semb Vestgarden. Styret har hatt 4 møte dette året. Laget har nå vel 230 medlemmer.

### Turprogram 2009

Dette året har det vore skitur over Lifjell, 4 kveldsturar, 5 søndagsturar (3 av desse saman med Gvarv Turlag), ein tur saman med Midt-Telemark seniorlæring og ein familiedag.

### **Lifjell på langs søndag 29. mars**

Bra oppmøte i fint vær. Turleiar: Tor Lønnestad.

### **Kveldstur til Bråten i Årmodalen 12. mai**

Godt frammøte i fint vær. Ein turdeltakar som har vokse opp på Bråten (Jens Bråten, nå busett i Canada) fortalde om gamle dagar. Turleiar: Aase Aaland.

### **Tur til Skorve/Gjøysen 7. juni**

28 deltakarar fekk seg ein flott tur! Turleiarar: Tone Reiten og Bergit Grivi.

### **Kveldstur til Eikjarud gravplass 18. august.**

Godt frammøte i fint vær. Turleiar: Mari Stenstad.

### **Sopptur på Folkestadmogane tysdag 1. september**

10-15 oppmøtte fekk sjå og plukke mykje sopp! Turleiar: Bjørn Steen.

### **Tur til Himingen 6. september**

Fin tur i fint vær. Turleiar: Sveinung Astad.

### **Bømarsjen 20. september**

Eit vellykka arrangement, men veret var ikkje på vår side dei timane arrangementet pågjekk. Eikjabygda vel var medarrangør i år. Dei sto for løypetrasevalet, og dei hadde ansvaret for matstasjonane, noko alle deltakarane var godt fornøgd med. Særleg matsserveringa i vognskjulet til Halvor Ulvenes på Jønneberg blei satt stor pris på i plaskregnet.

Karin Brekke Li og Dieter Oswald hadde ansvaret for merking av løypa saman med Terje Slåttedalen frå Eikjabygda. Ragnhild S. Li og Karin B. Li hadde ansvaret for registrering av deltakarar ved start og mål.

81 deltok på marsjen, 12 av dei gjekk kort løype. Arne Myhre og Gunhild Kinck gjekk for 30. gong og fekk keramikkbilete. Astrid Kaasa fekk keramikkvase for å ha deltatt 20 gonger. Tove Kristoffersen, Håkon Mæland, Jorunn Aase, Olav Aase Mæland og Kari Aase Mæland fekk keramikkskål for 10 års deltaking.

### **Familiedag i Øvre Bø 27. september**

Familiedagen var i samarbeid med Øvre Bø Ungdomslag og Bø Fiskelag. Fiskelaget demonstrera fiskeutstyr. Natursti, "elgejakt", pølsegrilling og vaffelsal sto på programmet. Vel 40 deltok og kosa seg ved elva. Ansvarleg: Arne Hjeltnes.

### **Tursamarbeid med andre lag**

I samarbeid med Midt-Telemark Seniorlæring har vi hatt føremiddagstur til Sveins Hage ved Gavlesjø.

I samarbeid med Gvarv Turlag har vi gått Kyststien frå Helgeroa til Nevlunghavn. Det var også turar med Gvarv Turlag til Røysdalsnuten og til Ørnenuten i Sauherad.

### **Trilleturar**

Ein aktiv gjeng med mødre har hatt fine trilleturar på tysdagar.

# Turstiar - hovedarbeide i 2009

## Gygestolen

Stien er opprusta med trykkimpregnerte bord på dei 2 våtaste myrane.

## Høyslass-Bruskor

Alle tidlegare raudmerka stiar er nå blåmerka, litt rydding og klopping er gjennomført. Nye skilt er satt opp.

## Bryggefjell

Strekninga Breskelia- Tjønntultjønn blei rydda i haust. Stien frå Ding-Dang-Kyrkja ned til Langeskår er rydda og merka.

## Bøelva frå Folkestadbrua til Gårabru

Det er bygd tre nye bruer på sørsida. Brua like ved Folkestadbrua er retta opp med eit betre fundament. Rekkverket i bakken ved Slåtta er reparert.

## Årmoddalen

*Stien Røysland-Kleivstul-Pina og stien Kleivstul-Skarestulen*  
Desse stiane er rusta opp og nymerka i år.

*Stien Løkjindammen-Trogatjønn og stiane Trogatjønn-Blåfjell og Trogatjønn-Trogafjell*  
Desse stiane er rydda og i hovudsak nymerka med rødt i år.

## *Turområdet rundt Bukkelifjell*

Ryddet litt der det var nødvendig, ei ny bru.

## *Haugfosskåsa-Åsebrua-Åse-Røysland*

På stien mellom Haugfosskåsa og Åsebrua er det lagt ut stokkar på dei våte plassane.

## Folkestadmogane

Det blei laga ny "bru" på Mogane over eit våt-område.

## Samarbeid med Notodden Turlag

Det har vore møte med Notodden Turlag om samarbeid om turstiane. Reskjem-Grønbygil-Gavlesjå- Aslaksåa. Ansvar og arbeidsdeling er avtalt.

## Informasjonstavler

På alle informasjonstavler er gamle plakatar og kart erstatta med nye. Ein del av tavlene er nybeisa.

Styret vil rette ein stor takk og honnør til alle som har vore turområdeansvarlege.

## **Turknappen 2009**

Det var 10 stk som fekk turknappen i 2009 (11 stk i 2007 og 2008).

## **Turlagets heimeside**

På turlaget sine heimesider [www.boturlag.net](http://www.boturlag.net) finn ein kart og omtale av turområda samt informasjon om turane.

## **Lagets økonomi**

Det økonomiske resultatet for året 2009 viser eit overskot på kr 6.768,66. Lagets økonomi er å sjå på som god.

## **Konklusjon**

2009 har vore eit godt år for laget. Styret i turlaget ønskjer at laget sine aktivitetar skal halde fram med å vere til glede for befolkninga i Bø.

Bø, 16.03.10

Styret i Bø Turlag